



# Vest-Telemark Motorhistoriske Klubb

Postboks 106 – 3840 Seljord – Bankgiro 2711.07.14802

Organisasjonsnummer: 914238870 [www.vtmk.no](http://www.vtmk.no) -- [post@vtmk.no](mailto:post@vtmk.no)

## Årsmelding for 2018

Vest-Telemark Motorhistoriske Klubb har gjennomført sitt 36. driftsår. Dei som har vore med i styret dette året er: Hans Inge Hagen, Bjørn Arild Hagen, Inge Tveitan, Arve Grinaker, Paul Tore Tengren, Ole Gunnar Storaker, Ruben Breiland. Ein har ikkje hatt formann og nestformann dette året då årsmøtet 2017 ikkje klarte å velje dette. Styret har difor samarbeida om dei ulike arbeidsoppgåvene. Bjørn Arild Hagen har vore kasserar.

Revisor: Reidar Skogheim

Løpskomite: Stein Larsen, Inge Tveitan, Halvor Vefall og Arve Grinaker. Sekretariat for løpskomiteén: Bjørn Arild Hagen og Eivind Torsdalen.

Brukt- og delemarknad komité: Aage Moen, Sigfred Nesheim, Aasmund Bringsås, Stein Larsen, Einar Valhovd og Bjørn Arild Hagen

Forsikringskomité; Tor Djupdal og Reidar Skogheim.

Verkstad-/klubbhuskomité: Arve Grinaker, Eivind Torsdalen og Arne Bjørn Øygarden.

Bussansvarlig: Arne Bjørn Øygarden, Arve Grinaker og Olav Gundersen.

Valkomité: Olav Gundersen, Arve Grinaker og Ruben Breiland.

Det har vært 7 styremøter og 8 medlemsmøter i 2018. Det har møtt fram fra 15 til 20 medlemmer på møtene. Det vart servera spekemat på julemøtet, 8 medlemmer møtte.

### Vårmarknad (Brukt- og delemarknad)

VTMK arrangerte Vårmarknad sammen med Dyrskun Arrangement AS for 19. gong på Dyrskuplassen fredag 25. og lørdag 26. mai. Også dette året med arrangement over to dagar med fantastisk bra vær og godt frammøte på veteranbilparkeringa.

VTMK sine oppgaver var ansvar for parkering, tilvising av plass for salgsboder og campingbilar, ansvaret for kjøretøyutstillinga samt generelt vakthald og rydding.

### Sjøormløpet

Dette vart arrangera for 35. gongen laurdag 23 juni. Bra vær. Start og målgang på Dyrskuplassen. Deltakelsen var om lag som året før, 122 kjøretøy fullførte løpet. Ut frå start gikk løypa gjennom Seljord sentrum til 1. post ved Sundsbarm . Deretter Manheimstrondi til post 2 v/gamle Emils auto, vidare ut Vreimsida forbi Bø museum til post 3 ved Bø gymnas. Ned til Bø sentrum og Rv. 36 tilbake mot Seljord og Sanda. Vidare langs Garvikstrondi, Fv 156 til Telnes Camping og post 4. Vidare over Seljordsheii og post 5 v/Øvsttveiten og så tilbake til mål på Dyrskuplassen.

Det vart og i år dela ut tresnitt laga av Johannes Hovda til deltakerane.

Løpet vart avslutta laurdagskvelden med festmiddag og premieutdeling på Morgedal Hotell.